

Leiarutvikling utan slips

Dei er mange, dei har stort ansvar og god fagkompetanse. Men dei ser ofte ikkje for seg at dei skal ha noko på eit kurs i leiarutvikling å gjera.

– Mellomleiarar er svært viktige personar i små og store firma, og dei er vår hovudmålgruppe med Bavallsprogrammet, seier dagleg leiar Eli-Karin Yndestad.



Tekst: Kjetil Vasby Bruanøy • Foto: Studio Boldal

Eli-Karin Yndestad er utdanna pedagog med tilleggskursutdanning innan fleire områder av pedagogikk og organisasjonsutvikling. Ho har jobba blant anna som leiar i kommunal sektor og med undervising ved Høgskolen i Bergen. I 2001 starta Yndestad EKY Kompetanse. Den lange kundelista inneheld blant anna TV2, Avinor og Odfjell Drilling.

Saman med Marianne Ø. Borge har ho starta eit meir omfattande kursopplegg, Bavallsprogrammet. Marianne har jobba i Kokstad Bedriftshelsetjeneste AS som HMS/organisasjonsrådgiver, og har god erfaring med offshoreverksemd og produksjonsbedrifter, og som leiar i kommunal sektor.

Bad om utvida tilbod

Auka produktivitet, betre trivsel og lågare sjukefråvær kan ifølgje dei erfarne damene bak Bavallsprogrammet bli resultatet av god oppfølging av tilsette.

– Vi byrja i 2005 med å tilby eit todagarskurs. Tilbakemeldingane var gode, og det gjekk ikkje lang tid før fleire av kundane bad om oppfølging og fleire kurs, fortel Yndestad.

Resultatet blei Bavallsprogrammet, eit kurs som omfattar fire samlingar i løpet av eit år, kvar kurssamling på to dagar, og med oppfølging per telefon mellom samlingane.

– Det er det som skjer mellom kursa som er viktigast, der deltakarane brukar litt av det vi har drøfta saman, og jobbar for å nå eigne mål, små delmål som skal gjera arbeidsdagen betre og tidsbruken smartare.

Aktivitetar og lagbygging

I Bavallen og Bavalstunet, der det er fleire formår for både fri- og organiserte aktivitetar, held leiarutviklarane sine seminar.

– Kursa blir ofte halde som ein fagleg oppfølgjar av aktivitetar og lagbygging hos Voss Resort, men heller ikkje hos oss blir vi sitjande lenge i ro. Vi har grupper og oppgåver, og følgjer opp også etter at undervisinga er ferdig, seier Eli-Karin.

Ja = nei

Utvikling av leiarar handlar sjølv sagt om kommunikasjon, konflikthandtering og arbeidsmiljø, men også om praktiske verktøy og bevisstgjering av enkle ting som bruk av tid.

– Dialogen er tett, vi jobbar nær kvarandre, kurshaldarar og deltakarar. Noko av det som går igjen er tidsklemme. Mange føler at det er mykje dei ikkje rekk å få gjort, fortel Eli-Karin.

Ei av årsakene kan vera at ein ikkje har så lett for å dela oppgåver og ansvar med andre. Uansett er det grenser for kva mengd arbeid kvar enkelt kan ta på seg.

– Det kan vera ein fordel å vera bevisst på det at å seia «ja» til noko er å seia «nei» til noko anna. Ved å spørja deg sjølv: «kva kostar det å seia ja til dette», og bli meir tydeleg på kva du seier ja til, kan du betre ta styringa over di eiga tid, seier Yndestad.

Tidbruk og perspektiv på eiga rolle er nokre av mange tema i Bavallsprogrammet. Du kan lesa meir om kurset på www.bavallsprogrammet.no.